

ØKONOMIREGLEMENT FOR ALVER KYRKJELEGE FELLESRÅD

1. DRIFTSBUDSJETT:

1.1 Delegering av mynde frå fellesrådet til dagleg leiar (= kyrkjverje).

- Fellesrådet gjev dagleg leiar fullmakt til å disponera budsjettpostane i årsbudsjettet i høve til vedtak i fellesrådet.
- Fellesrådet har budsjettansvar for kyrkja og kan omdisponera bruken av midlar innanfor eigen budsjetttramme.
- Budsjetttramma tilsvarar netto driftsutgifter. Dersom driftsinntektene vert mindre enn budsjettet, må budsjettansvarleg organ syta for at driftsutgiftene vert tilsvarande redusert. Dersom driftsinntektene vert høgare enn budsjettet, kan fellesrådet justera budsjettet og auka utgiftssida tilsvarande.
- Dagleg leiar får fullmakt til å omdisponera mellom postar i budsjettet innan same underkapittel og innan same hovudart. Dagleg leiar kan og gjera ei balansert budsjettendring for postane sjukepengerefusjon (inntekt) og vikarbruk (utgift). Vesentlege omdisponeringar vert først lagt fram for fellesrådet.
- Fullmakta kan delegerast til dagleg leiar i sokna for dei postar som gjeld det soknet, og under ferie og kortare sjukefråvær.
- Dagleg leiar skal kvar tertial gje fellesrådet rekneskapsrapportar med totalsaldo i høve til budsjett og merknad til særskilde budsjettpostar med framlegg til endring for å få balanse i rekneskapen.

1.2 Tilvisings-og attestasjonsmynde

- Dagleg leiar tilviser alle rekningar på varer, tenester og løn utanom rekningar til seg sjølv.
- Dei som attesterer har plikt til å sjå etter at varene er på plass / tenestene er utførde før dei attesterer. Dei har plikt til å sjå at rekninga er rett.
- Tilvisingsretten kan delegerast til økonomiansvarleg i leiargruppa, til dagleg leiar i sokna for dei postar som gjeld det soknet, og under ferie og kortare sjukefråvær.

1.2.2 Lønnsbilag

- Dagleg leiar tilviser løn, timelister for vikarar, overtid, reiserekningar o.l.
- Tilvisingsretten kan delegerast til dagleg leiar i sokna for dei tilsette som arbeider i det soknet, til personalansvarleg i leiargruppa, og under ferie og kortare sjukefråvær.

2. KAPITALBUDSJETTET

- Dagleg leiar tilviser alle rekningar på varer og tenester. Fellesrådet skal sjølv fremja for kommunestyret framlegg til budsjetttramme for investeringsprosjekt og godkjenna kostnadsramme og planar for prosjekt.

Vedtatt av Alver kyrkjelege fellesråd 11.12.19.

- Dagleg leiar skal gjennomføra dei konkrete tiltaka som er førte opp i årsbudsjett for budsjettåret i høve til vedtak for dei einskilde prosjekt. Det skal leggjast fram prosjektrekneskap pr tertial.
- Alver kyrkjelege fellesråd delegerer budsjettfullmakt over dei budsjett som ligg under fellesrådet til dagleg leiar. Dagleg leiar har høve til å disponera budsjettet i samsvar med vedtak i fellesrådet.

Dersom det førekjem større endringar i høve til budsjett, skal det godkjennast av fellesrådet.

- Tilvisingsretten kan delegerast til økonomiansvarleg i leiargruppa, og under ferie og kortare sjukefråvær.

3. REKNESKAP

- Dagleg leiar er ansvarleg for å fremleggja årsrekneskap i samsvar med økonomiforskrifta.